



Vedtekter for Sfo i Hyllestad kommune

Vedtektena er heimla i Opplæringslova §13-7.

INNHALD:

- § 1** Definisjon og føremål
- § 2** Eigarforhold
- § 3** Opptak
- § 4** Foreldrebetalning
- § 5** Skyss i samband med skulefritidsordninga
- § 6** Leike- og oppholdsareal
- § 7** Opningstider
- § 8** Bemanning og leiing
- § 9** Teieplikt og opplysningsplikt
- § 10** SFO i feriar
- § 11** Samarbeid med heimane
- § 12** Når vedtektena trer i kraft

§ 1 Definisjon og føremål

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årssteg, og for barn med særskilde behov på 1.-7. årssteg. Skulefritidordninga skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

§ 2 Eigarforhold

Hyllestad kommune står som eigar av den kommunale skulefritidsordninga.

§ 3 Opptak

§3.1 Opptaksmynde og klagerett

Ansvar for opptaksmynde er delegert til Hyllestad skule ved rektor. Det er leiar ved skulefritidsordninga som føretek opptak av barn. Det kan klagast på einskildvedtak jamfør forvaltingslova. Klagen sendast Hyllestad skule innan tre veker etter at søker mottok melding om vedtak.

§ 3.2 Opptakskriterium

Ved opptak følgjer ein desse prioriteringane:

1. Barn med særskilte behov
2. Barn frå heimar med sjukdom eller spesielle sosiale vanskar
3. Dei yngste barna
4. Barn som bur med berre ein voksen
5. Tospråklege barn
6. Avstand til leikekameratar



§ 3.3 Opptaksperiode

Sfo- plass vert gitt til og med 4. klasse, dersom slutt dato ikkje er spesifisert i søknaden. Søknad om opptak skjer elektronisk på Hyllestad kommune si heimeside: www.hyllestad.kommune.no Barn med særskilde behov på 5.-7. årssteg kan òg søkje. Søknadsfrist er 15. mars.

§ 3.4 Opptak utanom hovudopptak

Dersom det er ledig kapasitet, kan ein søkje om opptak utanom ordinært inntak. Ein melder inn behovet til Sfo-leiar før ein søker elektronisk som for § 3.3.

§ 3.5 Oppseing av plass i skulefritidsordninga

Oppseiing av plass skal skje skriftleg og sendast til Hyllestad skule ved leiar i skulefritidsordninga. Oppseiingsfristen er gjensidig og gjeld 1 månad frå den dato ein seier opp plassen. Det må betalast for oppseiingsmånaden, og plassen kan nyttast i oppseiingsmånaden.

§ 4 Foreldrebetaling

§ 4.1 Fastsetjing av satsar

Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetaling for skulefritidsordninga. Satsane vert publiserte på kommunen si heimeside, og på It's Learning. Satsane vert som hovudregel gjort gjeldande frå 1. januar kvart år, men kan i særlege høve endrast frå starten av nytt skuleår. Det er lagt opp til graderte betalingssatsar, med moderasjon for sysken og einslege forsytarar. Innbetalinga skal skje mot tilsendt faktura og innan fastsett frist. Det gjeld eigne satsar for skulefritidsordning i feriane (sjå § 9 om ferie-Sfo). Dersom ei nyttar morgen-sfo reknar ein tida frå kl. 07.00, uavhengig av kor tid barnet kjem.

§ 4.2 For sein henting

Ved for sein henting, vert det kravt ekstra foreldrebetaling. Satsen vert fastsett av kommunestyret.

§ 4.3 Kjøp av enkeltdagar

Dersom det er ledige plassar på SFO, er det høve til å leige inntil to enkeltdagar i løpet av ein månad. Dette gjeld for alle, men tilbodet gjeld først og fremst for dei som allereie har barn i Sfo. Sjå § 4.1 "Fastsetjing av satsar" for pris på kjøp av enkeltdagar.

§ 4.4 Kjøp av ekstratimar

Det er høve til å kjøpe ekstra timer inntil 10 timer per månad. Sats vert fastsett av kommunestyret. Dette tilbodet gjeld berre for dei som alt har barn i Sfo. Ferie-Sfo fell ikkje inn under § 4.3. Sjå § 4.1 "Fastsetjing av satsar" for pris på kjøp av ekstratimar.

§ 4.4 Utgifter til mat, drikke og frukt

Som hovudregel har elevane mat med seg heime frå. Onsdagar legg ein opp til fellesmåltid. Dette vert fakturert brukaren med kr. 80,- i mnd.

§ 5 Skyss i samband med skulefritidsordninga

Etter dagens regelverk har barna ikkje rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. (Jmf. Lovarbeidet til §13-7 i Opplæringslova). Elevar som oppfyller lovas vilkår, har rett til skyss dei dagane dei ikkje deltek i Sfo.



§ 6 Leike- og oppholdsareal

Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet. Skulefritidsordninga nyttar ein klassebase i hovudbygget. Det er eigen inngang til Sfo på baksida av bygget mot fotballbana, med tilhøyrande uteareal som sitt areal. I tillegg nyttar ein gym- og sløydsal ved trong.

§ 7 Opningstider

§ 7.1 Dagleg opphaldstid.

Skulefritidsordninga er open kl. 07.00 - 08.45 og kl. 14.30 - 16.00 måndag, tysdag, torsdag og fredag. I tillegg er skulefritidsordninga open onsdagar og nokre einskilddagar frå kl. 07.00 - 16.00. Påmelding til einskildagane vert sendt ut av Sfo-leiar i god tid. Dersom det er få påmelde barn på sfo, og/eller få deltagarar i tidsrommet 07.00 – 08.45, så kan det verte organisert eit samarbeid med Hyllestad barnehage. Dette er det rektor som avgjer i samarbeid med styrar i barnehagen.

§ 7.2 Årleg opningstid

Skulefritidsordninga føl skuleruta. Det blir gitt tilbod om sommar-sfo, og opphold i haust –og vinterferie, samt einskilddagar. Sjå § 10 om ferie-Sfo. Det er to planleggingsdagar i løpet av skuleåret der Sfo vil vere stengt(sjå skuleruta).

§ 8. Bemanning og leiing

Rektor ved Hyllestad skule har det overordna ansvaret for skulefritidsordninga.

Det skal vere pedagog som er dagleg leiar i skulefritidsordninga. Dagleg leiar har minst 20 % av heil stilling til leiing jamfør sentral særavtale. I tillegg til dagleg leiar skal det vere barne- og ungdomsarbeidar tilsett. Fagarbeidaren må sikrast noko samarbeidstid i lag med Sfo-leiar. I opningstid på dagtid og i ferie-Sfo er bemanninga 12 barn per vaksen. På morgen og ettermiddag er det høve til å ha 15 barn per vaksen. Bemanning i høve barn med særskilde behov må vurderast i quart tilfelle.

§ 9 Teieplikt og opplysningsplikt

Alle som arbeider i skulefritidsordninga er underlagt forvaltningslovas reglar om teieplikt. Tilstede i skulefritidsordninga har opplysningsplikt overfor sosialtenesta og barnevernstenesta.

§ 10 SFO i feriar

I haust –og vinterferie, samt sommarferien, kan Sfo halde ferieope ved behov. Tilboden vert gjeve til alle elvane på 1.-4. årssteg. Det kan vere inntil 12 barn desse dagane. Det må vere 5 påmelde for at tilboden skal vere ope. Opptaksriterium er som i § 3.2, men dei barna som brukar skulefritidsordninga i skuleårets 38 veker har førerett til kjøp av enkeltdagar. Det er ingen moderasjonar på SFO i feriar.

§ 11 Samarbeid med heimane

Sfo-leiar samarbeider med heimane ved å gjennomføre eit foreldremøte kvar haust. Leiar i FAU ved Hyllestad skule skal også representere Sfo-føresette sine interesser. Elles skal Sfo-leiar lagar ein årsplan i samarbeid med fagarbeidar, heimane og skuleleiinga. Denne bør vere klar til 1. oktober i gjeldande skuleår.

§ 12 Når vedtekene trer i kraft

Vedtekene for Hyllestad kommunale skulefritidsordning gjeld frå vedtaksdato 15.11.2018